

KOMMISJONSAVGJERD

2015/EØS/58/22

av 19. juli 2010

om felles tryggleiksmål som nemnt i artikkel 7 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/49/EF

[meld under nummeret K(2010) 4889]

(2010/409/EU) (*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/49/EF av 29. april 2004 om sikkerhet på Fellesskapets jernbaner og om endring av rådsdirektiv 95/18/EF om lisenser til jernbaneforetak og direktiv 2001/14/EF om fordeling av jernbaneinfrastrukturkapasitet, innkreving av avgifter for bruk av jernbaneinfrastruktur og sikkerhetsertifisering (jernbanesikkerhetsdirektivet)⁽¹⁾, særleg artikkel 7,

med tilvising til rekommandasjonen frå Det europeiske jernbanebyrået om den første serien med felles tryggleiksmål, som vart retta til Kommisjonen 18. september 2009, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I samsvar med direktiv 2004/49/EF bør dei felles tryggleiksmåla innførast gradvis for å sikre at eit høgt tryggleiksnivå kan haldast ved lag og, når det er naudsynt og praktisk mogleg, betrast. Desse måla bør omfatte verktøy for å vurdere tryggleiksnivået og korleis operatørane utfører arbeidet, både på EU-plan og i medlemsstatane.
- 2) I artikkel 3 bokstav e) i direktiv 2004/49/EF er felles tryggleiksmål definert som dei tryggleiksnivåa som dei ulike delane av jarnbanesystemet (t.d. jarnbanesystemet for konvensjonelle tog, jarnbanesystemet for høg fartstog, lange jarnbanetunnelar eller linjer som vert nytta berre til godstransport) og systemet som heilskap minst må oppnå, uttrykt som kriterium for risikoakseptering. I synsmåte nr. 7 i kommisjonsvedtak 2009/460/EF av 5. juni 2009 om vedtakelse av en felles sikkerhetsmetode for vurdering av oppfyllelsen av sikkerhetsmål, som nevnt i artikkel 6 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/49/EF⁽²⁾ står

det at det på grunn av mangelen på harmoniserte og pålitelege opplysningar om tryggleiksnivået for delar av dei jarnbanesystema som er i drift i ulike medlemsstatar, ikkje er mogleg å utarbeide den første serien av felles tryggleiksmål for delar av jarnbanesystemet (til dømes det konvensjonelle jarnbanesystemet, jarnbanesystemet for høg fartstog, lange jarnbanetunnelar eller linjer som vert nytta berre til godstransport).

- 3) Etter artikkel 7 nr. 3 i direktiv 2004/49/EF skal den første serien med felles tryggleiksmål byggje på ei gransking av dei eksisterande måla og tryggleiksnivåa for jarnbanesystem i medlemsstatane. I samsvar med den metoden som vart innført ved vedtak 2009/460/EF, skal den første serien med felles tryggleiksmål byggje på nasjonale referanseverdier. Desse vart rekna ut ved hjelp av dataseriar som byggjer på europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 91/2003 av 16. desember 2002 om statistikk over jernbanetransport⁽³⁾, og vart lagde fram av Eurostat 6. mars 2009 for tidsrommet 2004–2007. For kvar jarnbanerisikokategori skal det høgste akseptable risikonivået for ein medlemsstat vere 1) den nasjonale referanseverdien, dersom denne er lik eller lågare enn det tilsvarande felles tryggleiksmålet, eller 2) det felles tryggleiksmålet, dersom den nasjonale referanseverdien er høgare enn det tilsvarande felles tryggleiksmålet, i samsvar med del 3 i vedlegget til vedtak 2009/460/EF.
- 4) Den første serien med felles tryggleiksmål bør vurderast som det første steget i ein prosess. Med denne første serien vert det innført ei harmonisert og klar ramme som gjer det mogleg å overvake og sikre tryggleiksnivået for dei europeiske jarnbanene på ein effektiv måte.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er nemnt i artikkel 27 nr. 1 i direktiv 2004/49/EF —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Føremål og definisjonar

Ved denne avgjerda vert det innført verdier for den første serien av felles tryggleiksmål på grunnlag av nasjonale referanseverdier, i samsvar med artikkel 7 nr. 3 i direktiv 2004/49/EF og etter den metoden som er fastsett i vedtak 2009/460/EF.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 189 av 22.7.2010, s. 19, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 37/2011 av 1. april 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 37 av 30.6.2011, s. 44.

⁽¹⁾ TEU L 164 av 30.4.2004, s. 44

⁽²⁾ TEU L 150 av 13.6.2009, s. 11.

⁽³⁾ TEF L 14 av 21.1.2003, s. 1.

I denne avgjerda skal dei definisjonane som er fastsette i direktiv 2004/49/EF, forordning (EF) nr. 91/2003 og vedtak 2009/460/EF, nyttast.

Artikkel 2

Nasjonale referanseverdiar

Dei nasjonale referanseverdiane for dei ulike medlemsstatane og for dei ulike risikokategoriane er fastsette i kapittel 1 del 1.1–1.6 i vedlegget.

Artikkel 3

Felles tryggleiksmål

Den første serien med felles tryggleiksmål for dei ulike risikokategoriane er fastsette i kapittel 2 i vedlegget.

Artikkel 4

Adressatar

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 19. juli 2010.

For Kommissjonen

Siim KALLAS

Visepresident

VEDLEGG

1. Nasjonale referanseverdier (NRV-ar)

1.1. Nasjonale referanseverdier for risiko for passasjerar (NRV 1.1 og NRV 1.2)

Medlemsstat	NRV 1.1 ($\times 10^{-9}$) (*)	NRV 1.2 ($\times 10^{-9}$) (**)
Belgia (BE)	53,60	0,456
Bulgaria (BG)	250,00	2,01
Tsjekkia (CZ)	40,60	0,688
Danmark (DK)	7,55	0,0903
Tyskland (DE)	10,90	0,11
Estland (EE)	50,20	0,426
Irland (IE)	6,22	0,0623
Hellas (EL)	54,00	0,485
Spania (ES)	40,90	0,391
Frankrike (FR)	21,90	0,109
Italia (IT)	55,00	0,363
Latvia (LV)	50,20	0,426
Litauen (LT)	88,60	0,683
Luxembourg (LU)	28,80	0,225
Ungarn (HU)	250,00	2,01
Nederland (NL)	11,70	0,0941
Austerrike (AT)	29,00	0,335
Polen (PL)	127,00	0,939
Portugal (PT)	33,90	0,267
Romania (RO)	250,00	2,01
Slovenia (SI)	11,80	0,175
Slovakia (SK)	17,70	0,275
Finland (FI)	26,80	0,248
Sverige (SE)	5,70	0,0557
Det sameinte kongeriket (UK)	6,22	0,0623

(*) NRV 1.1 er uttrykt som talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant passasjerar per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på passasjertogkilometer per år. Passasjertogkilometer skal her forståast som den trafikkmåleininga som berre gjeld passasjertog.

(**) NRV 1.2 er uttrykt som talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant passasjerar per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på passasjerkilometer per år. Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar skal i (*) og (**) forståast slik det er definert i artikkel 3 bokstav d) i vedtak 2009/460/EF.

1.2. *NRV-ar for risiko for personale (NRV 2)*

Medlemsstat	NRV 2 ($\times 10^{-9}$) (*)
Belgia (BE)	21,10
Bulgaria (BG)	11,00
Tsjekkia (CZ)	17,40
Danmark (DK)	9,10
Tyskland (DE)	13,30
Estland (EE)	17,00
Irland (IE)	8,33
Hellas (EL)	77,90
Spania (ES)	8,33
Frankrike (FR)	6,68
Italia (IT)	22,50
Latvia (LV)	55,10
Litauen (LT)	36,90
Luxembourg (LU)	13,70
Ungarn (HU)	11,90
Nederland (NL)	6,69
Austerrike (AT)	25,40
Polen (PL)	18,60
Portugal (PT)	76,00
Romania (RO)	11,00
Slovenia (SI)	31,00
Slovakia (SK)	1,50
Finland (FI)	8,28
Sverige (SE)	3,76
Det sameinte kongeriket (UK)	8,33

(*) NRV 2 er uttrykt som talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant personale per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på togkilometer per år.
 Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar skal her forståast slik det er definert i artikkel 3 bokstav d) i vedtak 2009/460/EF.

1.3. Nasjonale referanseverdier for risiko for brukarar av planovergang (NRV 3.1 og NRV 3.2)

Medlemsstat	NRV 3.1 ($\times 10^{-9}$) (*)	NRV 3.2 (**)
Belgia (BE)	143,0	Opplysningar manglar
Bulgaria (BG)	124,0	Opplysningar manglar
Tsjekkia (CZ)	302,0	Opplysningar manglar
Danmark (DK)	55,9	Opplysningar manglar
Tyskland (DE)	69,9	Opplysningar manglar
Estland (EE)	168,0	Opplysningar manglar
Irland (IE)	31,4	Opplysningar manglar
Hellas (EL)	743,0	Opplysningar manglar
Spania (ES)	131,0	Opplysningar manglar
Frankrike (FR)	78,9	Opplysningar manglar
Italia (IT)	50,7	Opplysningar manglar
Latvia (LV)	240,0	Opplysningar manglar
Litauen (LT)	530,0	Opplysningar manglar
Luxembourg (LU)	97,3	Opplysningar manglar
Ungarn (HU)	244,0	Opplysningar manglar
Nederland (NL)	128,0	Opplysningar manglar
Austerrike (AT)	181,0	Opplysningar manglar
Polen (PL)	264,0	Opplysningar manglar
Portugal (PT)	508,0	Opplysningar manglar
Romania (RO)	124,0	Opplysningar manglar
Slovenia (SI)	365,0	Opplysningar manglar
Slovakia (SK)	249,0	Opplysningar manglar
Finland (FI)	151,0	Opplysningar manglar
Sverige (SE)	74,2	Opplysningar manglar
Det sameinte kongeriket (UK)	23,0	Opplysningar manglar

(*) NRV 3.1 er uttrykt som talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant brukarar av planovergang per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på togkilometer per år.

(**) NRV 3.2 er uttrykt som talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant brukarar av planovergang per år som følgje av alvorlege ulukker/[(talet på togkilometer per år \times talet på planovergangar/sporkilometer]. Opplysningane om talet på planovergangar og sporkilometer var ikkje pålitelege nok på tidspunktet då opplysningane vart innhenta (dei fleste medlemsstatane har sendt inn opplysningar om strekningskilometer i staden for sporkilometer). Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar skal i (*) og (**) forståast slik det er definert i artikkel 3 bokstav d) i vedtak 2009/460/EF.

1.4. *Nasjonale referanseverdier for risiko for personar som er klassifiserte som «andre» (NRV 4)*

Medlemsstat	NRV 4 ($\times 10^{-9}$) (*)
Belgia (BE)	1,90
Bulgaria (BG)	6,45
Tsjekkia (CZ)	5,28
Danmark (DK)	10,30
Tyskland (DE)	4,41
Estland (EE)	18,50
Irland (IE)	6,98
Hellas (EL)	6,45
Spania (ES)	4,93
Frankrike (FR)	6,98
Italia (IT)	6,98
Latvia (LV)	18,50
Litauen (LT)	18,50
Luxembourg (LU)	4,43
Ungarn (HU)	6,45
Nederland (NL)	3,16
Austerrike (AT)	14,20
Polen (PL)	18,50
Portugal (PT)	4,93
Romania (RO)	6,45
Slovenia (SI)	7,14
Slovakia (SK)	5,28
Finland (FI)	10,30
Sverige (SE)	10,30
Det sameinte kongeriket (UK)	6,98

(*) NRV 4 er uttrykt som talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant personar i kategorien «andre» per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på togkilometer per år. Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar skal her forståast slik det er definert i artikkel 3 bokstav d) i vedtak 2009/460/EF.

1.5. *Nasjonale referanseverdier for uvedkommande personar på jarnbaneanlegg (NRV 5)*

Medlemsstat	NRV 5 ($\times 10^{-9}$) (*)
Belgia (BE)	75,5
Bulgaria (BG)	190,0
Tsjekkia (CZ)	657,0
Danmark (DK)	134,0
Tyskland (DE)	106,0
Estland (EE)	1850,0
Irland (IE)	94,7
Hellas (EL)	906,0
Spania (ES)	184,0
Frankrike (FR)	69,7
Italia (IT)	122,0
Latvia (LV)	1520,0
Litauen (LT)	2030,0
Luxembourg (LU)	83,7
Ungarn (HU)	534,0
Nederland (NL)	28,2
Austerrike (AT)	117,0
Polen (PL)	1110,0
Portugal (PT)	948,0
Romania (RO)	190,0
Slovenia (SI)	273,0
Slovakia (SK)	477,0
Finland (FI)	294,0
Sverige (SE)	98,1
Det sameinte kongeriket (UK)	94,7

(*) NRV 5 er uttrykt som talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant uvedkommande personar på jarnbaneanlegg per år som følge av alvorlege ulukker/talet på togkilometer per år. Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar skal her forståast slik det er definert i artikkel 3 bokstav d) i vedtak 2009/460/EF.

1.6. *Nasjonale referanseverdier for samfunnsrisiko (NRV 6)*

Medlemsstat	NRV 6 ($\times 10^{-9}$) (*)
Belgia (BE)	273,0
Bulgaria (BG)	364,0
Tsjekkia (CZ)	1010,0
Danmark (DK)	218,0
Tyskland (DE)	206,0
Estland (EE)	2320,0
Irland (IE)	131,0
Hellas (EL)	1820,0
Spania (ES)	351,0
Frankrike (FR)	179,0
Italia (IT)	235,0
Latvia (LV)	1850,0
Litauen (LT)	2510,0
Luxembourg (LU)	219,0
Ungarn (HU)	1000,0
Nederland (NL)	166,0
Austerrike (AT)	354,0
Polen (PL)	1530,0
Portugal (PT)	1510,0
Romania (RO)	364,0
Slovenia (SI)	697,0
Slovakia (SK)	740,0
Finland (FI)	461,0
Sverige (SE)	188,0
Det sameinte kongeriket (UK)	131,0

(*) NRV 6 er uttrykt som det samla talet på drepne og vegne alvorlege personskadar per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på togkilometer per år.
 Det samla talet på drepne og vegne alvorlege personskadar skal her forståast som summen av alle drepne og vegne alvorlege personskadar som vert tekne med i utrekninga av alle dei andre nasjonale referanseverdiane.

2. Verdiar som skal tildelast den første serien med felles tryggleiksmål (CST)

Risikokategori	CST-verdi ($\times 10^{-9}$)		Måleiningar
Risiko for passasjerar	CST 1.1	250,0	Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant passasjerar per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på passasjertogkilometer per år
	CST 1.2	2,01	Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant passasjerar per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på passasjerkilometer per år
Risiko for personale	CST 2	77,9	Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant personale per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på togkilometer per år
Risiko for brukarar av planovergang	CST 3.1	743,0	Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant brukarar av planovergang per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på togkilometer per år
	CST 3.2	Opplysningar manglar(*)	Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant brukarar av planovergang per år som følgje av alvorlege ulukker/[(talet på togkilometer per år \times talet på planovergangar)/sporkilometer]
Risiko for «andre»	CST 4	18,5	Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant personar i kategorien «andre» per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på togkilometer per år
Risiko for uvedkommande personar på jarnbaneanlegg	CST 5	2030,0	Talet på drepne og vegne alvorlege personskadar blant uvedkommande personar på jarnbaneanlegg per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på togkilometer per år
Risiko for samfunnet som heilskap	CST 6	2510,0	Det samla talet på drepne og vegne alvorlege personskadar per år som følgje av alvorlege ulukker/talet på togkilometer per år

(*) Opplysningane om talet på planovergangar og sporkilometer, som er naudsynte for å rekne ut dette felles tryggleiksmålet, var ikkje pålitelege nok på tidspunktet då opplysningane vart innhenta (dei fleste medlemsstatane melde t.d. om linjekilometer i staden for sporkilometer osv.).